

Terning-trylleri



Gå terningane til medhjelparen din og snu deg. Be han eller henne kaste alle terningane éin gong og leggje saman fela som kjem opp.

Be medhjelparen din ta opp EIN terning og legg til det talet som står i botnen av terningen.


Du treng:

Ein medhjelpar du vil imponere

Tre terningar som du gir til medhjelparen din

Korleis er det mogleg?

Sidan den eine terningen blir kasta to gonger, er det eigentleg fire terningkast som blir lagde saman, pluss det talet som står i botnen som blir teken opp. På den terningen som blir teken opp, blir auga på toppen og i botnen lagde saman, og dette resultatet blir alltid sju. Altså treng du berre å leggje saman auga på dei kast-resultata du kan sjå på bordet, og hugse å leggje til 7 for det kastet der topp og botn vart lagde saman. Enkelt, ikkje sant?



Til slutt kastar medhjelparen din terningen som er teken opp, éin gong til, og legg til dette talet. IKKJE fortel resultatet!

Snu deg og sjå kjapt på terningane. Legg saman alle auga, legg til 7, og simsalabim, så kan du fortelje kva for resultat forsøkspersonen din har fått.

